

# Forskrift om gebyr for saksbehandling og tilsyn etter regelverket for foreining Sunnfjord kommune, Vestland

Fastsett av Sunnfjord kommunestyre dd. mmmm 2020 med heimel i forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (foreiningsforskrifta) §§ 2-12 og 11-4, jf. lov 13. mars 1981 om vern mot forurensninger og om avfall (foreiningslova) § 52a.

## Kap. 1 Generelle forhold

### § 1-1. *Generelt verkeområde*

Forskrifta omfattar gebyr for saksbehandling og tilsyn der kommunen er myndigheit etter foreiningsforskrifta

- kapittel 2 om opprydding i foreina grunn ved bygge- og gravearbeid,
- kapittel 12 om utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustader, hytter og liknande,
- kapittel 13 om utslepp av kommunalt avløpsvatn frå mindre tettbygde område, og
- kapittel 15 om utslepp, av oljehaldig avløpsvatn

Forskrifta omfattar også gebyr for kontrolltiltak som kommunen gjennomfører for å sikre at foreiningslova eller vedtak i medhald av lova blir følgd.

### § 1-2. *Definisjonar*

I denne forskrifta tyder:

- a) *Avløpsanlegg*: Anlegg for handtering av avløpsvatn som består av ein eller fleire av hovudkomponentane avløpsnett, reinseanlegg og utsleppsanordning. Dette inkluderer slamavskiljarar og tette tankar.
- b) *Avløpsvatn*: Sanitært avløpsvatn er i hovudsak avløpsvatn frå menneska sitt stoffskifte og frå hushald, inkludert avløpsvatn frå vaskerom, kjøkken, bad eller liknande. Oljehaldig avløpsvatn er spillvatn og overvatn som inneheld motorolje, smørefett, parafin, white-spirit, bensin og liknande. I dette ligg også spillvatn frå vask og avfetting av køyretøy, motorvask og liknande.
- c) *Tilsyn*: Det samla arbeidet som kommunen har med kontroll med at reglane og vedtak fatta i medhald av kapittel 12, 13 og 15 blir følgd, inkludert dokument- og systemkontroll, stadlege tilsyn og nødvendige reaksjonar i form av varsling og pålegg.

### § 1-3. *Generelt om gebyra*

Gebyra skal samla ikkje overstige kommunen sine kostnader med saksbehandling og kontroll.

Gebyrsatsane blir årleg fastsett av kommunestyret og trer i kraft frå det tidspunktet kommunestyret bestemmer.

Gebyra er tvangsgrunnlag for utlegg, jf. foreiningslova § 52a.

Kommunen kan i særlege tilhøve fråfalle krav om gebyr eller redusere gebyret dersom det i enkeltsaker vil vere urimeleg høgt.

Kommunen kan krevje særskilt gebyr viss tilsynspersonell etter varsel og ved oppmøte til fastsett tid ikkje kan gjennomføre tilsynet, fordi eigar ikkje har vore til stades og/eller ikkje har lagt forholda til rette for tilkomst.

### § 1-4. *Klage*

Enkeltvedtak med heimel i denne forskrifta kan påklagast etter reglane i forvaltningslova. Klagen blir behandla av kommunen si særskilde klagenemnd. Gebyr må betalast innan forfallsdato sjølv om gebyrvedtaket er påklaga. Det er ikkje høve til å klage på reglane i denne forskrifta eller gebyrsatsane fastsett med heimel i forskrifta.

## Kap. 2 Gebyr for saksbehandling og tilsyn med opprydding i foreina grunn ved bygge- og gravearbeid

### § 2-1. *Verkeområde*

Kapittelet gjeld gebyr for kommunen si saksbehandling og tilsyn med opprydding i foreina grunn ved bygge- og gravearbeid.

### § 2-2. *Eingongsgebyr*

Tiltakshavar skal betale eit eingongsgebyr for saksbehandling ved søknad om godkjenning av tiltaksplan. Gebyret kan differensierast i tiltaksklassar ut i frå kompleksitet. Kommunen avgjer tiltaksklassen i kvar sak.

### § 3-3. *Årsgebyr*

Eigar av eigedom som er registret i fagsystemet Grunnforurensning skal betale eit årleg gebyr for tilsyn med grunnen. Gebyret kan differensierast ut i frå areal.

## **Kap. 3 Gebyr for saksbehandling og tilsyn med utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustader, hytter og liknande**

### **§ 3-1. Verkeområde**

Kapitlet gjeld gebyr for kommunen si saksbehandling og tilsyn med utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustader, hytter og liknande.

### **§ 3-2. Eingongsgebyr**

Tiltakshavar skal betale eit eingongsgebyr for saksbehandling ved søknad om løyve til utslepp eller endring av utsleppsløyve. Gebyret kan differensierast etter storleik på anlegget.

### **§ 3-3. Årsgebyr**

Eigar av avløpsanlegget skal betale eit årleg gebyr for tilsyn med eksisterande avløpsanlegg. Gebyret kan differensierast etter storleik på anlegget.

## **Kap. 4 Gebyr for saksbehandling og tilsyn med utslepp av kommunalt avløpsvatn frå mindre tettbygde område**

### **§ 4-1. Verkeområde**

Kapitlet gjeld gebyr for kommunen si saksbehandling og tilsyn med utslepp av kommunalt avløpsvatn frå mindre tettbygde område.

### **§ 4-2. Eingongsgebyr**

Tiltakshavar skal betale eit eingongsgebyr for saksbehandling ved søknad om løyve til utslepp eller endring av utsleppsløyve. Gebyret kan differensierast etter storleik på anlegget.

### **§ 4-3. Årsgebyr**

Eigar av avløpsanlegget skal betale eit årleg gebyr for tilsyn med eksisterande avløpsanlegg. Gebyret kan differensierast etter storleik på anlegget.

## **Kap. 5 Gebyr for saksbehandling og tilsyn med utslepp av oljehaldig avløpsvatn**

### **§ 5-1. Verkeområde**

Kapitlet gjeld gebyr for kommunen si saksbehandling og tilsyn med utslepp, av oljehaldig avløpsvatn frå

- bensinstasjonar,
- vaskehallar for køyretøy,
- motorverkstader,
- bussterminalar
- verkstader og klargjeringssentralar for køyretøy, anleggsmaskinar og skinnegåande materialar, og
- anlegg for understellsbehandling

som anten har vaskeplass, servicehall eller liknande.

Gebyr for saksbehandling og tilsyn med påslepp til kommunalt avløpsnett er ikkje omfatta av denne forskrifta.

### **§ 5-2. Eingongsgebyr**

Tiltakshavar skal betale eit eingongsgebyr for saksbehandling ved søknad om løyve til utslepp av oljehaldig avløpsvatn. Gebyret kan differensierast etter storleik på anlegget.

### **§ 5-3. Årsgebyr**

Eigar av oljeutskiljar skal betale eit årleg gebyr for tilsyn med anlegget. Gebyret kan differensierast etter storleik på anlegget.

## **Kap. 6 Gebyr for kontrolltiltak etter forureiningslova**

### **§ 6-1. Verkeområde**

Kapitlet gjeld gebyr for kontrolltiltak som kommunen gjennomfører for å sikre at forureiningslova §§ 7, 28, 35 og 37 eller vedtak i medhald av desse paragrafrane blir følgd.

### § 6-2. *Eingongsgebyr*

Tiltakshavar skal betale eit eingongsgebyr for kommunen sine kostnader med kontroll og saksbehandling. Gebyret reknast ut etter medgått tid og timesats fastsett i kommunen sitt gebyrregulativ.

## **Kap. 7 Ikraftsetting**

### § 7-1. *Ikraftsetting*

Forskrifta tek til å gjelde frå dd.mmmm 2020.

Frå same tid blir tidlegare forskrifter i Førde, Gaular, Jølster og Naustdal kommune om gebyr etter forureiningsforskrifta kapittel 2, 12, 13 og 15 oppheva.